

Til kommunestyret i Hareid kommune.

I samband med at budsjettforslaget for Hareid kommune 2025 er lagt ut på høyring, kjem det fram at sektor for læring og kultur skal spare inn om lag 11 millionar kroner i neste års budsjett samanlikna med tidlegare år. Då dette i stor grad også råkar Hareid skule, ser vi det som nødvendig å sende inn eit innspel til dette forslaget.

Hovudinnsparingstiltaket som vi har fått kjennskap til er at dei som er tilsett i midlertidige stillingar på skulane ikkje får fortsette i jobbane sine. Dette gjer oss svært uroa, særleg fordi vi heller ikkje fullt ut kjenner til konsekvensane av dette. Kven som må gå, kva type stillingar og kva dette vil utgjere for den enkelte elev, veit vi ikkje i dag. Det einaste vi er sikre på, er at elevane og borna våre vil få eit dårlegare tilbod enn det dei har hatt fram til no.

Vi ynskjer å framheve dei elevane som har eit særleg behov for oppfølging og som dermed vert ekstra sårbare. Korleis vil desse verte følgt opp når vaksentettleiken på skulen går ned? Kva skjer med dei som ikkje passar heilt inn i ein klasseromssituasjon, og som er avhengige av eit par ekstra auge eller ei ekstra hand for å fungere i skulekvardagen? Elevar som har lærevanskar, språkvanskar, dysleksi eller konsentrasjonsvanskar, vil dei kunne bli følgt opp godt nok med dei ressursane som vert att på skulen vår? Kva skjer med resten av klassa dersom vedkomande ikkje får denne oppfølginga?

Dette gjeld også dei som har eit anna morsmål enn norsk. På Hareid skule gjeld dette 30% av elevane då elevmassen består av 18 ulike nasjonalitetar. Når ressursar som arbeider med dette i ein allereie pressa kvardag i dag må gå, korleis vil då dette påverke både desse elevane og resten av klassa? Kva skjer med klasse- og skulemiljø når elevar ikkje får den oppfølginga dei har behov for? Vil dette syne att i mistriivsel og skulevegtring om nokre år?

Klarer skulen med desse innsparingane å innfri krava i opplæringslova?

Dersom det framover ikkje vert sett inn vikarar ved fråver, vil dette i fyrste instans gå ut over undervisning og generell oppfølging av borna. Men kva skjer i neste fase dersom dette pågår over lang tid og ein får stor slitasje og kanskje fråver som følgje av dette? Vil ein miste det gode kollegiet og dei dyktige tilsette som underviser og tek vare på borna våre i kvardagen?

Som de ser har vi mange spørsmål og få svar. Vi forstår at kommunen står i ein ekstraordinær situasjon økonomisk og at det ikkje er enkelt å løyse denne.

Vi må likevel uttrykke vår bekymring for at store innsparingar i dag kan syne att på ein negativ og svært kostbar måte i samfunnet i morgon.

FAU ved Hareid skule